

Elevrådsmøtet 21.09.2023

Desse møtte

5 og 6.trinn:

Repr: Adrian

Vara: Selina

7.trinn

Repr: Johannes

Vara: Alan

8.trinn

Repr: Malene

Vara: Ida – ikkje kalla inn

9.trinn

Repr: Isak

Vara: Sebbe – ikkje kalla inn

10.trinn

Repr: Helene

Vara: Torstein – ikkje kalla inn

Rektor Gunnlaug Olsvoll Røed

Andre som møtte:

Monika Thune

Stad: Kantina

Tid: kl 12.00 –13.00

SAKER

Budsjett – informasjon frå rektor

Elevrådet har pengar i banken på ca kr 70 000. Førre skuleår brukte elevrådet kr 14 000,- til å dekke utstyr som TL kjøpte inn.

For skuleåret 2023 – 2024 kan kr 5000 brukast til aktivitetar på skulen.

Innspel i møtet:

Det kan vere urettferdig at det er berre elevrådet som skal bestemme pengebruken. Helst diskutere i klassen.

Er kr 5000 er riktig sum.

Framlegg til vedtak: Kr 5000,- står til elevrådet sin disposisjon skuleåret 2023 - 2024. Om behov for større pengesum skal dette verte drøfta i elevrådet og evt i klassane før endeleg avgjersle.

VEDTAK:

Kr 5000,- står til elevrådet sin disposisjon skuleåret 2023 - 2024. Om behov for større pengesum skal dette verte drøfta i elevrådet og evt i klassane før endeleg avgjersle.

Sosial handlingsplan – i kvar i klasse.

SMU vedtok i møte 19.09.2023 at alle skal gjere eit krafttak i å gjennomføre og evaluere planen. Frist for tilbakemelding er 01.11.2023, nytt møte i SMU er 14.11.2023

Innspel i møtet:

Elevane synest det er vanskeleg å vite kva som skjer av det som skulen seier at dei gjer.

Lærarane må snakke om plakaten/sosiale handlingsplanen i timane.

Framlegg til vedtak: Elevrådet tek informasjonen vidare til sine klassar.

VEDTAK:

SMU vedtok i møte 19.09.2023 at alle skal gjere eit krafttak i å gjennomføre og evaluere planen. Frist for tilbakemelding er 01.11.2023, nytt møte i SMU er 14.11.2023. Elevrådet tek informasjonen vidare til sine klassar.

Nytt skulebygg – saka går ut

Modulskulen skal vere ferdig til 01.11.2023. Rektor sin tanke er at ungdomskulen flyttar inn i klasseromma så fort som mogeleg og at spesialromma (skulekjøkkenen ol) vert nytta så lenge vi kan. Det er i ferd med å gjere leigeavtale med Kyrkjetunet om å få ha skulekjøkkenundervisning der og med NKKA om å få ha del av kunst og handverkundervisning

Framlegg til vedtak: Elevrådet tek informasjonen vidare til sine klassar.

VEDTAK:

Oppfølging av saker som har vore drøfta på tidlegare møte

Informasjonssaker - går ut

Lov å ta bilde av elevrådet og legge ut på heimesida til kommunen og instagrammet til skulen?

Nytt skulebygg er vedteken og skal stå ferdig august 2023. Mellombels skulebygg står klart i november og vi må vere førebudd på å ha det trangt, lite uteområde + anna?

Saker frå klassens time:

5.trinn:

Brev frå 3. og 4.trinn - gjeld utstyr til å leike med, og reirdisse. Vil ha sykklar til å bruke på skulen, vil ha ny vanleikdam, karusell og gyngehest.

Brevet vart lese opp i møtet.

Frå rektor: Det vert ikkje kjøpt inn sykklar til bruk på skuleplassen. Dei andre ting må det budsjett til og det er ein eigen prosess. Rektor skal sjå kva som kan gjerast med dei pengane som skulen har. Når nytt skulebygg er ferdig vil det også vere nytt uteområde ved skulen. Sjå saka frå 7.trinn

6.trinn

Vil ikkje at ungdomskuletrinnet skal kome inn og forstyrre når dei har mat og helse.

Ungdomskulerepr informerer sine klassar om dette.

7.trinn

Klassen etterlyser kva som skjer med den store dissa dei har blitt lova, og elles planane for uteområdet som dei har vore med på å utarbeide (for fleire år sidan).

SVAR:

Dissa – den må rektor prøve å finne pengar til. Kvar skal den vere..., ved bunkersen som tidlegare, slik er den teikna inn på nye teiknar. Uteområdet: Dei innspela som elevane kome med for lenge sida er teke med inn i arbeidet med å få eit nytt skulebygg. Dei som skal bygge skulen skal også lage

uteområdet. Eg har ikkje fått dei nye teikningane, men har sett dei. På uteområdet vil det kome overbygd uterom der ein kan ha benkar, område med aktivitet som klatring, basket, bordtennis, ballbinge, reirdisse. Slåballområdet er sett av, men ser ut til å vere veldig lite. Skulen er lovd å få vere med på detaljutforminga vidar ei byggeprosessen.

8.trinn

- Sal av mat i kantina og ønskjer å vere ute i kantina i matfriminuttet og ikkje berre i dei små friminutta.

SVAR: Usikker om dette let seg gjere då vi er på veg ut av bygget + at kantina er stengt.

9.trinn

10.trinn

Ønskjer å vere med i adventstund på Myldrerommet.

I møtet: Rektor sa at ungdomskulen er ikkje ønskja å delta på denne stunda. Dette fordi dei ikkje viser respekt for dei yngste. Fniselydar, er uroleg ol. I møtet vart det sagt at då må dei som øydelegg for andre vere dei som ikkje får delta på slik aktivitet.

Ønskjer bruke idrettsbygget til aktivitet

Vert spelt vidare.

Ønskjer å vere inne pause i det nye bygget.

Dette veit eg ikkje svaret på pr i dag.